

Informasjon til kandidatane om gjennomføring av prøvar i norsk, samfunnskunnskap og Statsborgarprøva

- Frammøte:** Du må møte presis til prøven. Kandidatar som kjem for seint, blir avviste. Sjå informasjon om tidspunkt og stad for oppmøte i brevet frå prøvestaden.
- Legitimasjon:** Du må vise gyldig legitimasjon og signere på kandidatlista når du kjem til prøvelokalet. Godkjend legitimasjon er:
- Gyldig pass
 - Norsk førarkort – original og duplikat
 - Norsk bankkort med bilete
 - Postens ID-kort skrive ut etter 1. april 2003
 - Nasjonalt ID-kort skrive ut innanfor EØS-området
 - Reisebevis for flyktingar og utlendingspass
 - Opphaldskort for utlendingar
 - Asylsøkjjarbevis med namnetrekk og informasjon om fødestad
- Namn:** Når du signerer på kandidatlista, må du kontrollere at namn, adresse og ID-nummer er skrive riktig.
- Kvittering:** Dersom du har betalt prøveavgifta med faktura eller direkte til prøvestaden, må du vise kvitteringa når du møter til prøven. Dersom du har betalt med bankkort, treng du ikkje vise kvittering.
- Hjelpemiddel:** Du kan ikkje bruke nokon hjelpemiddel under prøven. Det betyr at du ikkje kan bruke Internett eller dokument som er lagra på datamaskina. Du kan ikkje kommunisere med andre enn vaktar eller prøveleiarar under prøvegjennomføringa. Dette blir rekna som fusk.
- Fusk:** Du kan ikkje bruke nokon hjelpemiddel under prøven. Bruk av hjelpemiddel eller forsøk på dette blir rekna som fusk.

Eksempel på fusk kan vere

- bruk av elektroniske hjelpemiddel og mobiltelefon
- kopiering av heile eller delar av svaret frå andre
- bruk av falsk legitimasjon
- bruk av ordbok eller medbringa notat
- kommunikasjon med andre enn tilsette ved prøvestaden under prøvegjennomføringa

Fusk, eller forsøk på fusk, fører til at

- du blir bortvist frå lokalet
- du ikkje får prøvebevis for nokon av delprøvene du har tatt i denne prøveperioden (dette gjeld både skriftleg og munnleg norskprøve)
- du må vente til neste gjennomføring før du kan ta prøven på nytt
- du må betale prøveavgift når du skal ta prøven neste gong

Fusk kan bli avdekt under prøven, etter prøven eller under sensurering av svar.

- Plagiat:** Tekstane du skriv på delprøven i skriftleg framstilling (norskprøve) skal vere ditt eige arbeid. Plagiat er ikkje tillaten. Dersom du har brukt heile eller delar av andre sine tekstar (for eksempel frå Internett, lærebøker eller frå medelevar) og framstilt det som eige arbeid, blir dette vurdert som plagiat, og du får ikkje ei vurdering av delprøven.
- Skrivesaker:** Du kan ikkje bruke eigne skrivesaker til å notere på, men du kan få utdelt blyant og papir dersom du ønskjer det. Papiret må du levere før du forlèt lokalet.
- Mobiltelefon:** Du må slå mobiltelefonen heilt av og leggje han vekk under prøven. Du kan ikkje ha han i lomma eller ved plassen din. Dersom ein kandidat blir teken med mobiltelefon på seg under prøven, blir det oppfatta som forsøk på fusk.
- Sjukdom:** Dersom du blir sjuk, må du sende eller levere legeerklæring eller sjukmelding til prøvestaden seinast sju (7) dagar etter prøvedatoen. Då kan du melde deg opp til ny gratis prøve igjen seinare.
- Prøvebevis:** Prøvestaden sender prøvebeviset til den adressa som står på kandidatlista. Du må gi beskjed til prøvestaden dersom du får ny adresse.
- Klagerett:** **Klage på resultatet:** Du har rett til å klage på resultatet på delprøven i skriftleg framstilling (norskprøven). Klagefristen er tre veker etter at sensuren har falle.
- Klage på formelle feil ved gjennomføringa:** Du kan klage på formelle feil ved gjennomføring av prøve i samfunnskunnskap, munnleg norskprøve og delprøvene i leseforståing, lytteforståing og skriftleg framstilling. Klagefristen er tre veker etter at prøven er gjennomført. Sjå informasjon om klagerett på www.norskprøven.no og www.samfunnskunnskapsprøven.no.
- Før prøven startar, har du moglegheit til å stille praktiske spørsmål. Dersom du ikkje forstår oppgåvene i delprøven i skriftleg framstilling kan du spørje prøveleiar.